

Vedtak uttale vedrørende plassering av ny barneskule i Sogndal frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming av sak 4/2023 i møte den 02.03.2023:****Handsaming**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å handsama saka i fellesmøte med Sogndal Eldreråd.

Kommunedirektøren rår Sogndal eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne til å gje uttale vedrørende plassering av ny barneskule i Sogndal

1. Sogndal eldreråd/ Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gir uttale i saka vedrørende plassering av ny barneskule i Sogndal.
2. Sogndal eldreråd/ Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gir følgjande uttale...

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har i tillegg til felles uttale ei tilleggsfråsegn.

Avrøysting: Samrøystes

Vedtak

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gjorde i felles møte med Sogndal Eldreråd, slikt samrøystes vedtak:

1. Sogndal eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gir felles uttale i saka vedrørende plassering av ny barneskule i Sogndal.
2. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har i tillegg til felles uttale ei tilleggsfråsegn.
3. Sogndal eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gir følgjande uttale:

Uttale

Fråsegn frå Sogndal eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne til planane om lokalisering av ny 1-7 skule i Sogndal i Sogndal kommune

Samandrag

Konsekvensane av vedtaket om lokalisering av ny skule vil påverke samfunnsutviklinga i Sogndal i eit 50-60 års perspektiv.

Bruken av areala i Sogndal er viktig både for eldre, for personar med nedsett funksjonsevne og for lokalisering av skuletilbod. Behova for alle gruppene må takst omsyn til og avvegast i den samla bruken av areal.

Saka er såleis særst viktig og krev ein forsvarleg politisk prosess, etter at administrasjonen har gjort ferdig si saksførebuing.

Det er ikkje sett av forsvarleg tid til den politiske delen av prosessen.

Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber difor om at saka vert utsett.

Det ligg ikkje føre eit ferdig saksførelegg frå administrasjonen. For å kunne gje ei forsvarleg fråsegn er det heilt nødvendige at Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, som er folkevalde organ, får handsame saka med grunnlag i eit ferdig saksførelegg.

Då må råda få saka etter 14.03.2023, med tid å setje seg inn i saksførelegget, og før utval for levekår, formannskapet og kommunestyret. Den planlagde tidsplanen for handsaminga av saka er ikkje forsvarleg.

Det er ikkje sett av nødvendig tid til den politiske delen av sakshandsaminga.

Med grunnlag i det saksførelegget som så langt ligg føre har Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne slike vurderingar:

Det er særst viktig at rammene for investeringskostnadar for prosjektet er heilt sikre.

Dei kommunale rente- og kapitalkostnadane er alt faretruande høge. Prosjektet må dimensjonerast og gjennomførast innafor investeringsrammer som det kommunale budsjettet toler når det gjeld auka kapital- og rentekostnader.

Det all grunn til å trekke i tvil at driftskostnadane i helse- og omsorgssektoren vil bli vesentleg reduserte, utan at konsekvensen vert at kommunen dermed vil få eit uforsvarleg helse- og omsorgstilbod.

Dei trafikkale utfordringane må sikre trygge miljø for alle grupper av trafikantar.

Kommunen må ha evne og vilje til å handle og gjere vedtak i rett tid slik at måla i Samfunnsplanen kan verte realiserte. Lokalisering av ny skule er eit vedtak som har innverknad på å kunne realiserer måla i planen.

Areala på Trudvang kan gje mange positive fordeler for dei eldre og personar med nedsett funksjonsevne. I nærområdet finn vi eit mangfald av sosiale miljø og mange møtepunkt mellom generasjonar og grupper. Leikeplassar er viktig.

Sogndal har andre sentrumsareal i tillegg til Trudvang. Utnyttinga av desse areala må sjåast i samanheng. Desse areala må nyttast til å bygge høgt der det er mogleg.

Mange eldre ønsker likevel ikkje å bu i høgda, og det må difor også byggast tilstrekkeleg med bustader på lægre nivå.

Det må byggast sentrumsnære bustader for eldre med eit prisnivå som tillèt også økonomisk svakare grupper å verte eigarar/leigetakarar. Dette må det takast omsyn til.

Sentrum må utviklast til eit «trehundremeterssamfunn» der folk kan leve og trivast innan «rullatoravstand». Trudvang ligg heilt sentralt i så måte med kort veg til eit mangfald av tilbod, til dømes butikkar, daglegvarehandel, kulturhus og andre sentrumsfunksjonar.

Dette må det takast omsyn til ved eventuell lokalisering av ein ny skule til Trudvang.

Sogndal må ta konsekvensen av at den er på rask veg til å bli ein småby. Sogndal må bli ein triveleg småby der det bur folk og er folkeliv i sentrum heile døgnet. Ein by der born, unge, eldre og gamle møtest.

Innleiing

Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har registrert at det i realiteten ligg føre to alternativ for lokalisering av ny skule; Trudvang og Kvåle.

Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne legg til grunn for sine vurderingar at det er mogleg å bygge ny barneskule på begge alternativa. Råda har ikkje fagleg grunnlag for å kunne etter- eller overprøve denne konklusjonen.

Når Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vurderer dei to alternativa vil vi drøfte og legge vekt på prosessen, tidsmomentet og vedtaksgrunnlaget. Vidare vil vi prioritere følgande kriterium:

Økonomi, trafikk og stadutvikling. Med stadutvikling meiner Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne alternativ bruk av areala.

Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne minner om at Sogndal kommune står ovanfor store demografiske endringar i åra som kjem. Tal eldre er venta å auka drastisk. Tal innbyggjarar over 80 år er venta å auke frå 234 i 2021 til 438 i 2040.

Behovet for helse- og omsorgstenester vil kunne auka med 80 prosent frå 2021 til 2040.

Prosess

Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er samd i at plasseringa av ny barneskule vil påverke samfunnsutviklinga i Sogndal i eit 50-60 års perspektiv. Mellom anna av den grunn er det difor særst viktig at vedtak om lokalisering vert gjort etter ein fullt forsvarleg prosess.

Det er ikkje forsvarleg å presse gjennom eit raskt vedtak med den grunngeving at saka alt har teke lang tid, at prognosane for elevtala dei neste åra syner store kapasitetsproblem, og at lokaliseringa må avgjerast i den inneverande 4- års valperioden.

Med det tidsperspektiv konsekvensane av vedtaket har for mange grupper og brukarar av areal i Sogndal sentrum, må det setjast av tid og kompetanse til å synleggjere dei ulike kriterium for lokalisering fullt ut.

På eit godt besøkt folkemøte om saka gav kommunedirektøren ei grundig og velformulert orientering om saka og administrasjonen sin konklusjon. I møte kom det fram ei rekke vel gjennomtenkte og godt grunngevene spørsmål og innspel til opplysing av saka. Kommunedirektøren svarte, etter kvart av innspela, at administrasjonen vil ta det med seg og vurdere det/ kome med sine svar/ vurderingar i det vidare arbeidet med saka.

Dei fleste av innspela krev utkvitteringa/svar/vurderingar frå administrasjonen som er heilt nødvendige for at Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal kunne gje ei forsvarleg fråsegn.

Kommunaldirektøren legg 14. mars fram sitt saksførelegg med tilråding.

Likevel skal Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gje si fråsegn innan 4. mars. Dermed har ikkje råda det nødvendig opplyste grunnlaget for å kunne gje si fråsegn no.

Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er folkevalde organ som må få saka til endeleg handsaming på grunnlag av administrasjonen sit endelege saksførelegg og tilråding til vedtak.

Tidsplanen

Saka er planlagt handsama med fråsegsfrist 4. mars, med grunnlag i det saksførelegget som så langt ligg føre. Kommunedirektøren vil så legge fram sitt saksførelegg 14. mars og kommunestyret skal gjere endeleg vedtak 30. mars.

Det må i tidsplanen, mellom 14. mars og 30. mars, leggst inn tid til å sette seg inn i administrasjonen sit saksførelegg og deretter halde møte i råda for å handsame saka. Fråsegna frå Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal så vidareformidlast til dei organ som skal handsame saka vidare.

16 dagar til denne politiske prosessen fram mot endeleg vedtak om lokalisering, er totalt uforsvarleg kort.

Dette er ikkje forsvarleg handsaming av ei sak der konsekvensane av vedtaket vil påverke samfunnsutviklinga i Sogndal i eit 50-60 års perspektiv.

Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sitt primære syn

Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at saka vert utsett.

Administrasjonen må få tid til å utarbeide eit fullt forsvarleg utkast til saksførelegg. Dette må sendast ut til fråsegn.

Saksførelegget som så langt er sendt ut er på langt nær ferdig.

Deretter må innkomne fråsegner handsamast av administrasjonen.

Med grunnlag i innkomne fråsegner frå fråsegsinstansane må administrasjonen utarbeide det endelege saksførelegg til dei folkevalde organa, mellom anna dei lovpålagde råda, utval for levekår, formannskapet og kommunestyret.

Det må leggst inn forsvarleg tidsbruk til forsvarlege politiske prosessar.

Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sitt syn med grunnlag i det saksførelegget som så langt ligg føre

Med grunnlag i det saksførelegget som så langt ligg føre har Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne slikt syn:

Økonomi

Rammene for investeringskostnader for prosjektet må sikrast. Prosjektet må gjennomførast innafor investeringsrammer dei kommunale budsjetta toler på auka kapitalkostnader/rentekostnader. I den samanheng minner vi om at dei kommunale rente-/kapitalkostnadane alt er faretruande høge.

Samstundes er det all grunn til å trekke i tvil at driftskostnadane i helse- og omsorgssektoren kan bli vesentleg reduserte utan at kommunen vil få eit uforsvarleg helse- og omsorgstilbod.

Med det aukande talet eldre og hjelpetrengande kommunen vil møte framover, er det all grunn til å tvile på at endringar i den omtala omsorgstrappa vil føre til store reduksjonar i kostnadane i sektoren.

Trafikk

Dei trafikkale utfordringane må sikre trygge miljø for alle grupper av trafikantar. Born, eldre, personar med funksjonshemming og grupper av mjuke trafikantar må sikrast trygge løysingar med universell utforming.

Kommunen har alt fleire utfordringar i denne samanheng. Dette krev investeringar som må løysast i tillegg til dei investeringane som vert konsekvensen av den lokaliseringa som vert vald. Kommunen må prioritere gang- og sykkelveggar, og snarveggar mellom bustadområde, skular, barnehagar og fritidsaktivitetar.

Stadutvikling - alternativ bruk av areal

Sogndal sentrum står framfor store samfunnsutfordringar. Det trengst betre og meir areal til sentrumsnære bustader, fritidsaktivitetar, sosiale møteplassar og ny sentrumsbarnehage.

For Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er det særst viktig at sentrum vert utvikla til eit «trehundremeterssamfunn» der folk kan leve og trivast innan «rullatoravstand». Trudvang ligg heilt sentralt i så måte med kort veg til eit mangfald av andre tilbod, til dømes butikkar, daglegvarehandel, kulturhus og andre sentrumsfunksjonar.

Fram mot 2040 vil Sogndal få ein stor auke i tal innbyggjarar over 80 år. Dette utfordrar kommunen til alt no å ta konsekvensen og velje gode sentrumsløysingar med langt fleire aldersvenlege sentrumsbustadar.

Dette er i samsvar med måla i Samfunnsplanen som gjev retning for Sogndal kommune sine prioriteringar i stadutviklinga. Det er vedteke at kommunen skal sjå skular, barnehagar og andre offentlege bygg som ein del av lokalsamfunnet. Det skal leggjast til rette for sambruk av offentlig bygg og uteområde, og ein kompakt sentrumsstruktur med korte avstandar. Lokalsamfunnet skal vere ein stad med trivsel, samspel og aktivitetar, meir liv og røre og gode møter mellom menneske.

Kommunen må ha evne og vilje til å handle og gjere vedtak i rett tid slik at måla i Samfunnsplanen kan verte realiserte. Lokalisering av ny skule er eit vedtak som har innverknad på å kunne realisere måla i planen.

Samstundes vil lokalisering til Trudvang gje mange positive fordeler med eit mangfaldig av sosialt miljø og mange møtepunkt mellom generasjonar og grupper.

Det er særst viktig at sentrum vert utvikla med gode møteplassar med trivselsmiljø for alle innbyggjarar.

Sogndal må utnytte moglegheitene til å bygge i høgda på areala på Trudvang og på dei andre sentrumsareala, slik at ein kan utvikle sentrum.

Sogndal må ta konsekvensen av at den er på rask veg til å bli ein småby. Sogndal må bli ein triveleg småby der det bur folk og er folkeliv i sentrum heile døgnet. Ein by der born, unge, eldre og gamle møtest.

Tilleggsuttale:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har i tillegg til ovanforstående felles uttale slik fråsegn:

For tiltak som gjeld personar med nedsett funksjonsevne er det viktig å sikra at kommunale planar inkluderer og tek omsyn til problem for den breie gruppa av menneske med ulike funksjonsnedsetjingar. Og at det blir god politikk for dette, jf. CRPD som representerer rettighetene til menneske med funksjonsnedsetjing. Det er dokumentert at personar med funksjonshemming i større grad er utsette for meir alvorlege og meir omfattande menneskerettsbrot. Det er derfor særst viktig å setja søkelyset på deira behov. Føljande synspunkt frå administrasjonen bygger på noverande kunnskapsgrunnlag som ikkje gir svar på mange spørsmål rådsmedlemene må ha. Rådet kjem gjerne tilbake når nærmare utgreiing ligg føre, og støtter eldrerådet sitt framlegg til vedtak.

Vidare ønsker råd for menneske med nedsett funksjonsevne å framheve at ein ny og moderne skule skal dekke god tilkomst for ulike aldersgrupper og gode løysingar for dei ulike skulebygga. Det er viktig for det vidare arbeidet at ein sikrar god brukarmedverknad for å oppnå god og hensiktsmessig universell utforming.

Rådet presiserer at forflytting mellom Kvåle og Trudvang er utfordrande på grunn av bratte bakkar, og at det er behov for gode møteplassar for ungdom i sentrum. Dette må Sogndal kommune fokusere på når dei skal ta avgjersle om plassering. Gode møteplassar vil og gagne alle, også dei med nedsett funksjonsevne.

Ved behov for utvida areal, så kan ein vurdere om området bak SHOS, der prestebustaden står i dag, kan nyttast.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har i arbeidet med Samfunnsplanen tidlegare påpeikt behov for ein bustadpolitisk plan for Sogndal kommune og ein plan for heile kommunen når det gjeld universell tilrettelegging.

Med helsing

Gunn Ragnhild Rimala
sekretær

Brevet er elektronisk og er utan underskrift.

Kopi til:

Tor-Einar Holvik Skinlo

Kommunedirektør

Vedlegg: